



Seljord ungdomsskule

04.12.18

Referat frå møte i FAU, SU, SMU

- Tid:** måndag 19.11.2018
- Desse møtte:** Linda Torsdalen Angre
Jorunn A. Hegni, Lene Brekke, Beate Moen, Else Eilefstjønn, Øyfrid Garborg Sande Aufles, Solfrid Bjørge, Kjersti Bollerud, Eva Margrethe Fæhn Ellingsen
Leiar i elevrådet Selma Brekkan
- Fråfall:** Eilev Bjørge (politikar), Lærarrepresentantane Anders Walle og Anne Marthe Lindheim
- Skrivar:** Kjersti Bollerud

Status skulemiljø:

Informasjon frå elevrådet: Selma informerte om arbeid som skjer ved skulen. Elevrådet har ordna med eit klasserom som fungerer som spelrom i storefri. Det er eit rom som mange elevar nyttar. Det er fortsatt god aktivitet ved bordtennisborda.

Rektor informerte om at det skal skje ulike sosiale aktivitetar framover i aulaen. Skulen jobbar med å få til ulike framføringar frå klasser, og i januar er det planlagt bordtennisturnering. Det kjem tilbakemeldingar til leiinga frå både elevar og lærarar at det er hyggeleg miljø på skulen. Skulen kjem til å halde fram med tiltaka om å jobbe med sosial kompetanse.

Tilbakemelding av resultat på nasjonale prøver:

8.trinn scorer under landsgjennomsnittet på rekning, lesing og engelsk. Det er mange elevar på dei lågaste nivåa. Dette har vore trenden dei siste åra, men og at elevane kjem betre ut på nasjonale prøver på 9.trinn, eit år etter.

Budsjett:

Rektor informerte om arbeidsgangen fram til budsjett 2019 er klart, og at i kommunestyret 13.desember vil budsjettet bli lagt fram. I rådmannens framlegg er det foreslått kutt på ungdomsskulen med verknad frå august. Rektor refererte også til gul bok som ligg unte på nettstaden til kommunen.

Skuleball:

Det var positivt at skulen sendte ut informasjon om skuleballet tidlegare i haust. Det blei drøft pris på kjolar, og det er viktig at føresette sett grenser for ungdommen.

Skuleballet går ikkje under gratisprinsippet, og i år har ikkje skulen budsjett til å sponse skuleballet. Det blei drøfta 100 kr. for inngang, og det kom ingen motargument mot dette. Prisen vil dekke mat, snacks og brus.

Referatet er lest gjennom og godkjent av leiar i FAU, Jorunn A. Hegni.

Skrivar

Kjersti Bollerud